

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. no. 4.

Fylke: Mordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremnes.

Emne: Baking.

Bygdelag: Innvær/Rubbestadneset.

Oppskr. av: M. Endresen/fra Anna
Innvær.

Gard:

(adresse): Rubbestadneset/ " Innvær G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. delvis

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Anna Innvær (ca. 50 aar) Barbro Innvær (62 aar.)

SVAR

1. Fraam til hundredaars-skiftet mol ein alt mjølet paa
bekkjakvernar. Ingen her i bygda kan hugsa at handkvern
har vore i bruk. Kornslaget var mest havre, som vart
turka, -rug vart derimot mole utan turking. Det vart daa
kalla raamale. Daa bygdemlynor ne kom i bruk vart mjølet
meir finmale og turrare. Kornet hadde two nemne: "godt
korn" og "lettakorn". Det siste berre til beistemat.

2. Mjølet har ikkje vore sikta.

3. Havren var altid best aa baka nymale.

4. Veit ikkje.

5. Det vanlege har vore at kvar baka til seg. Det har
nokk hendlt at der har vore gjort bytesarbeid, daa helst
med baking og anna arbeid. Bakstekjerringar kjend utan-
om sin eigen krins kjenner eg ikkje.

6. Jamt over vert no berre brukt bakarbrød. Fyrr vart
brukt lefser til festmat og pottekaka til kvardags.

Kjøpe-stomp til kvar jol, men kringler og kavring maat-
te ein altid ha i eit velordna hus, om der kom ein-kvan.
folk som hadde mjølk sjølv laga mjølke-kaka til helgane.

Dei var laga av mjølk og grynmjøl, no av kveitemjøl.

Lefsa var laga av vatn og siktamjøl og røna med raamjølk.

No knør dei helst lefsen av sot mjølk og halvt um halvt
siktamjøl og kveitemjøl, tilsett egg, smør og sukker.

Mar ein ikkje raamjølk, lagar ein jamning av mjølk og

egg til aa røna med. Eit kakeslag som var mykje nytta for umlag 50 aar sidan var natron-stompar. Dei var laga av ein lausdeig av surmjølk, natron og siktamjøl,-gjerne med sirupp i. Dei vart baka tjukt ut paa bakstebordet, teke ut med spannlokk, og steikt paa nella med frisk varme.

Sit anna lefseslag som er mykje bruka her er natron-lefsa. Ho er laga av same deigen som stompene, men er tunnare og krota med haringkjøvle. Stundom kaldt haringkake, men har berre krotet relles med den. I Hardanger vart ho kalla krotakaka. Norlandslefse vert og laga her. Der nord kalla møyrlørse.

7. I eit velstyrt nushald narvein som regel baade lefser, søre kaker t.d. krumkaker og turrvafler i huset, som gjestmat til framandfolk.

8. ikkje kjend.

9. Her har berre vore brukt eit slag rlatbrøa.

10. -----

11. me kallar det leiv baade før og etter det er steikt.

Nyttar aldri ordet leiv om brødskiva. Dette er nemning paa omnsteikt brød. Dei gamle segjer gjerne stumpeskiva.

12. Knekalefse er staslefsen i vaare bygder. (sjaa under no. 6.) Ein er helst two naar ein bakar- eit steikjer og eit bakar. Lefsa maa vera so tunn som mogleg, og vert so løypa paa nella, d. v. s. steikt sopass at ho vert turr og raad aa handsame. Naar ho er kald legg me henne paa eit bord, hev paa raamjølk og knekar so godt med handi utsyver alle stader,,til lefsa vert heilt kvit.

Der maa ikkje synast turre flekker :"hiljedagar" som var ei skam for bakstekjerringa. Lefsa vart so steikt ferdig Det var ofte kappestridd millom den som baka og den som knekar-om børten til nella. Ein baka altid lefse til gjeralag og til alle høtidshelgar, fyrr ogso til niste. Me segjer -aa klina lefsa- med smør og sukker, sume har og kanel paa. No seinare med ein røring av smør sukker og

vaniljesukker. Skilnaden millom lefse og flatbrød er:
lefse er røna, vert bløytt når ho skal etast, og er for
det meste gjestebodskost. Flatbrød er urøna, vert ete
hardt, og er dagleg kost.

15.....

14. Gjærbaking var svert lite kjendt her i eldre tider.
Pressgjær vert nytta til baking no.

15.

16. Mjukt gjærbrød er mest brukt, og dverre altfor ferskt.
Difor staar det helst ille til med både mage og tenner.

17.

18.

19. Helst i eldhuset. Der var der open grue. Omnar utan-
for huset kjenner me ikkje til fraa siste hundred aara.
20. til 27. ... ukjend.

28. Lefse og flatbrød vart gøymd i maanadsvis. Truleg
helst i tunnor. Dette serleg ved utnisting av fiskarar,
som hadde niste med til helie vitrafiske,

29-30. ukjend.

31. Kaker som er steikte av mjølk og mjøl var brukt i
gamle dagar, og er det framleis. Til høgtidsbruk var
kakene tunne og ein nytta sot mjølk. Til kvardags av
surmjølk med natron og bakt tjukkere. Dei var best ny-
steikte, men kunne gøymast i 2-3 dagar.

32. ukjend.

33. I vaar bygd har berre vore brukta vaffelkaker, i den
seinare tid ogso krumkaker. Til vaffelkaker brukar ein
helst tjukk, god mjølkekake-røre, gjerne med egg og suk-
ker i. Til fest gjerne med eggxagx smelta smør eller
rjome. Anis vert av sume nytta i lefsedeigen og i blod-
kakersera, men ikkje sers aalment. I nødsaarene 1812,
1914 og under siste krig vart poteter nytta til ein
mengd surrogater.

34. Bremnes er ei skoglaus bygd, so bork har ikkje kom

4

paa tale. Her er ikkje nokon gamle som veit om borkebred.

Fraa prost Hertzbergs dagar har dei berga seg med sild og poteter, poteter og sild.

34 til 41 ikkje kjend.

Om kosthaldet i Finnaas sjaa Bremnes herads jubileums-skrift 1937.

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM

Ti regla som har levde i bydene her.

Jens-Ola Biita ville varre noko til kona, men ho var det ikkje.

Ho ville ha høset fullt av mat, men ho hadde det ikkje.

Ein dag det kom framannde, sa ho til dotker si: Spring ~~og~~ og hent inn flatbrød, du, "når du tek den minste smørstampan, og set oppå den største, og så oppa den, når du oppå det minste flatbrödladet.

Qjenta kom snart att og seger med gråt i målet so elle høyre, "Hov eg sig ingen smørstamper, og so fram eg berre ein brödlett."